



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2297 - 19/12578

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
04.06.2019

Godkjenning - gråvassutslepp frå hytte - gbnr 5/57 Fløksand

Tiltak: Gråvassutslepp frå hytte
Byggestad: Gbnr: 5/57
Tiltakshavar: Marit Reigstad
Ansvarleg søkjar: Fløysand Va AS

Type utslepp:
Søknadstype

Delegert vedtak 127/2019

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gråvatn for fritidsbustad på gbnr 5/57.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal samlast i slamavskiljar på 1 m³ før sandfiltergrøft før utsleppet vert ført vidare til terrenget. Det skal ikkje installerast vassklosett.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.04.19 og supplert 10.05.19.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 10.05.19 datert 03.04.19.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-spreidd område bygd med eksisterande fritidsbustad ifølgje tabell nr.9.2 i føresegnar til arealdelen i kommuneplanen for Meland kommune. Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget.

Nabovarsel

Utsleppet er nabovarsla særskild. Det kom ingen merknader i saken.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering :

Utsleppsordninga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve om omsøkt på vanlege vilkår for slike gråvassutslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12- 5 . Skal det installerast vassklosett i fritidsbustaden seinare, må det søkjast om nytt utsleppsløyve.

Vedtak:

«Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for gråvatn for ein fritidsbustad på Fløksand på gbnr 5/57 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar på 1 m³ av godkjend type før utsleppet vert ført i sandfiltergrøft før utsleppet vert ført vidare til terrenget. Det skal ikkje installerast vassklosett.*
- 2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for gråvatn i samsvar med situasjonskart, motteke 10.05.19.*
- 3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller Meland kommune si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6*
- 4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.*
- 5. Det vert gjeve ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.»*

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

